

Eg måtte reise um Oslo. Der budde Gjermund og Asgjerd Haugen og syster hans Asgjerd, som me var litt i slekt med. Eg skreiv og fekk lov å koma til dei eit par dagar so eg kunde sjå meg um i hovudstaden, for der hadde eg aldri vore. So bar det avgarde. Bøkane mine og nokre klar var pakka i kuffert en og sendt avgarde i forvegen, so det var bare ein liten vadsekk eg hadde med å bera. Turen ned kanalen med båt til Skien var kjend veg, men so bar det vidare med båt ut fjorden, og so fekk eg for fyste gong sjå havet og so langs Skagerak der eg fyste gong fekk sjå havet. Bårune gjekk kvite, båten hivde upp og ned, og so kom sjøsjuken. Alt i magen vilde vreggja seg, det vart oppkasting og elende. Eg trudde det skulde vera so gildt å sjå den endelause havflate, men no angra eg som ein hund eg ikkje haddi teke jønbane. Eg var kjempeglad. Heile natta varde turen. Fyst då det ljosna kom me innette fjorden båten innetter Oslofjorden der det vart stillare, men eg var sjuk lenge etter me var komne iland.

Byen som då heitte Kr. enia hadde berre halvparten so stor som no. Likevel tykte eg det var ein umåteleg stor by med mykje larm og leven. Det eg hugsar best var dei store vognene som gjekk på skinner ~~ekstremt~~ utan hestar fyre. Men slike var det bare i nokre av dei største gatene. Og so var det alle hestane som trippa og klakka på dei steinlagde gatene. Bilar var ikkje komne enå. Trafikken var liten mot den no er. Ein kunde sjå ungar leike seg endå på Karl Johan eller kvinfolk som plukka hesteparur til blomepottune eller hagen sin. Folk gjekk mest like mykje i midt i gata som på fortauet. Ned ved havn låg mange store skip. Eg som berre hadde sett småbåtar te dei var umåteleg store.

Gjermund og Asgjerd Haugen styrde med folkemuseet på Bygdøy. Der fe sjå stavkyrkja frå Gol og andre ~~gamle~~ hus med samlinger av gamle tin

Der var gamle skap og koppar og reidskap. Eg tykte det var rart å samle på slikt skrap og endå stille det ut. Slikt hadde eg då sett mykje av uppi Kleivgrend, og der var slike ting i bruk ennå. Slik var det også i Seljord og sikkert i mange andre bygder. Men foe byfolk kunde det vel vera rar å sjå på. Gjermund reiste over bygdene og samla til museet. Han hadde også vore i Vardal, og han kunde fortelje meg korleis bygdi såg ut og um den vesle byen Gjøvik. Både her og i dei andre mjøsbygder var det svært pent, sa han der vilde eg sikkert like meg, meinte han.

Noko av det som mest imponerte meg var det elektriske ljuset i sentrum av byen. Etter Karl Johan var det høge maste med ei lysande sol i toppen, og frå butikkar og rest. stråla ljuset ut, men slike strålende ljوسreklamar over husa som no finst ikkje, i utkan ene av byen var det berre gaslykter. Mi store oppleving var ein kveld eg fekk vera med i nasjonalteatret og såg Per Gynt vart spela. Den store ljوسglitrande salen full av fine festkledde folk, orkestret som spela og sjølve framsyninga var som eit eventyr i Soria Moria, og var ikkje lenger på jordi men i himmelen. No var det ikkje tvil i mi sjel: Ibsen var den største av alle diktarar.

Dagen etter bar det med jønnbanen nordover dei breide austlandsbygder til Eidsvoll. Her fekk eg sjå Eidsvollsbygningen med alle sine minne frå riksmøtet 1814. So bar det med den underlege hjulbåten oppover Mjøsa. Å nei, slike fine ljose bygder på både sidur av fjorden. Der dukka Helgøya fram, og so gjekk det inn eit smalt sund innover til Hamar. Derifrå tvers over fjorden til Gjøvik. Det var ikkje stor byen. Men kor var Vardal? Eg såg bare nokre gardar oppetter bakkane ovanom byen, sida var det bare skogåsar til alle kantar. Jau, der gjekk nokre små dalføre innover. Der låg gardar og grender, som me ikkje kunde sjå, fortalde dei meg. Eg skulde til prestegarden, kor ligg so den? Det var ei mil vestover frå Gjøvik, sa dei.

Eg gjekk innom skysstasjonen og fekk tinga meg skyss. So bar det oppover ein brei fin veg forbi fabrikkar med mange hus ikring. Det er Mustad fabrikkar, sa køyrekaren. Her lagar dei alt frå kardar og hestesko til fiskekrokar og synåler. Og der er Toten selulose. Sidan var det bare småstugur langs vegen, dei såg so grå og fatigslege ut. Men høgt uppi åsane låg ein og annan gard med kvitmåla hus og røde låvebygnader og lyste upp. Snart tok tok me av frå hovudvegen og kørde ein sideveg upp nokre druge bakkar, og der lyste Vardal kyrkje fram med fleire store gardar ikring. So svinga me av på ein smal veg vestover, og snart kørde me inn på tunet til prestegarden.

Presten var ein godsleg raudleitt og rund stabbe, som tok venleg imot meg. Peter Blom var kome frå Valle i Sætedal og hadde vore i Vardal i 20 år, so han kjende bygdi og folket ut og inn. Då han var formann i skulestyret og kom til å verke i bygdi enno 10 år, kom eg ofte til å råke saman med Blom. Han tok seg av meg og rettleidde meg på ymis vis so eg hev mykje å takke han for.

Det var ein laurdagskveld eg kom til pr. garden. Sondag var det kon

masjon i Varadäl kyrkje. Prost R. frå Biri med tvo døttar kom på vitjing til pr. garden om morgonen, og saman gjekk me so til kyrkja. Eg kjende meg ikkje lite kry då eg fekk sitja ved prestedøtrane, og eg la merke til at folk stirde på oss. Etterpå var det middag i prestegarden. Eg kjende meg framand og liten og var nok ingen selskapsmann, torde ikkje blande meg i samtalen, ga berre stutte svar når eg vart spurd. Eg hadde mest aldri vore i fint selskap før og viste lite korleis eg skulle føre meg, og kjende det som eit stort sakn. Her tala alle fint bokmål. Eg tykte dialekten min stakk so sterkt av at eg var mest skamfull.

Måndag gjekk eg til Neråsen Sollien krins til garden Neråsen, der skulen skulde vera. Skuleromet var i 2 høgda. I stova under skulde eg bu, og her gjekk eg til duka bord kvar dag. Mannen på garden var ~~min~~ stillfarande og endefram, kona var meir pratsam, men det var vanskeleg å forstå kva dei sa. Bygdemålet her verka so framandt, det var som eit anna land. Neråsen låg høgt heilt oppå askanten, og det var fin utsikt over ein del av Mjøsa og til bygdene på andre sida.

På garden var tvo døttar, den yngste nyss konfirmera, den eldre 23 år. Det var ho som laga mat og varta meg upp ved bordet. Me laut då snart verta kjende.

Måndag gjekk

Det var 2 skulekrinsar eg hadde fått Sollien og Glestad krins. Måndagen gjekk eg til Sollien til garden Neråsen der skulen skulde vera.

Det var 2 skulekrinsar eg hadde fått Sollien og Glestad krins, dei tvo minste i bygda. I Glestad var samla skule i Sollien tvodelt. Båe stader var leigde skulerom.

Måndag gjekk eg til Sollien til garden Neråsen der skulen skulde vera. Vegen gjekk fyst gjennem kyrkjebygda men so nedover nokre bratte bakkar ned i ein djup dal, og so bar det upp like bratt på andre sida. Neråsen låg heilt på toppen av åsen. Frå garden var det vidt utsyn over Mjøsa og bygdeikring. Med veg var det smått stell her. Det var berre so vidt ein kunde skrangle seg fram med kjerre. At det kunde vere slike avkrokar i ei mjøsbogd hadde eg ikkje drøymt um.

Skulestova var salen i andre høgda. I stova under skulde eg bu, og der skulde eg få ferdig mat sett fram til kvart mål, so no skulde det bli herlegdom mot det eg var vand til frå skuledagane.

Mannen på garden, Edvard Neråsen, var ein solid bonde, med myrkt hår og kinnskjegg. Han streva trutt med gardsarbeid med ein tenstgut til hjelp. Om vinteren var han burte lange turar og selde ovnar og andre støypevaror for Mustad & søn. Kona Helene, var drivande i alt arbeid og svar til å prate men det var lite eg forsto både av hennar og andre her. Bygdemålet her verka so framandt. Det var eit kvardagsmål, breidt og rolegt akkurat som landskapet. Breide bygder. Inga fjell, berre lange åsar. Lange rolege linur alle stad. Inga sprett og spenn korkje i natur eller tale slik som det var heime i elemark.

Der var 2 vaksne døttar på garden, Anna den eldste og Oline. Det var Anna som varta meg upp, og me vart då snart godt kjende, ja meir enn det. ^{Etter} året var ~~u~~ ~~for~~ me mann og kone. Og eg som mest ikkje hadde våga tale til ei gjente, eg sat i saksa fyr eg viste ordet av. Det var nok ikkje minst husvarmen som gjorde det.

Fyste skuledagen var spanande. Då eg kom upp på salen sat det 12-15 ungar stive som pinnar på bankene. Ettersom dei kom hadde dei gått so stilt upp trappa at eg hadde ingenting høyrte. No reiste dei seg som på komando og helsa, so sat dei like stive att. Eg spurde kva dei heitte og kor gamle dei var, men det var bare so vidt dei våga svare. Eg skyna snart at dei var tillærde både av foreldre og lærar at slik skulde dei vera på skulen. I friminuttet var eg med og leika. Dei vart storleg forundra at læraren gav seg med og leika som ein annan unge, men det ~~var~~ ~~ikkje~~ ~~var~~ snar gløymt. Blandt gutane var der nokre dånre brandar mest like vaksne som meg sjø, tott eg. Dei var ikkje med i leiken, sto berre og flirde. Dei heldt seg nok for vaksne til barnemoro. Men då eg fyst hadde fått dei med, vart dei snart like kåte som dei andre.

Når eg i skuletimen fortalde eitkvart morosamt, torde dei ikkje læ eller vera lystige. Det var uråd sjå på andlete korleis dei kjende det innvortes. Om dei var med eller ikkje var ofte vandt å vite. Bare ved å spurje dei ut kunde eg få visse. Leksune ~~var~~ ~~ikkje~~ ~~var~~ vart pugga og ransa upp ord til anna, det var dei opplærde til. Men det var ikkje alle som greidde dette, og med forståinga var det so ymse. Eg fekk mykje strev med å få dei til å fortelje med eigne ord. Summe greidde det fort, men sume alett ikkje. Eg lærde snart det kunde vera stor forskjell på sivnad og at det laut tolmod til skulde ein få alle med. Men borni var snilde, og disiplin gjekk av seg sjøl.

Andre dagen møtte småklassa born frå 7-10 år. Det var vranst nok å under vise større born med fleire årskull samstundes, men med desse små var det verre. Dei minste skulde eg lære ljod og bokstavar og leggja saman til ord. Då laut dei større skrive eller rekne mykje på eiga hand. So vart det byte, dei minste skreiv eller teikna med eg las med dei større. Det var eit stendig skifte og renn frå den eine gruppa til den andre for å sjå etter og rettleide. På den måten vart det mykje mas og lite arbeidaro både for meg og ungane. Eg fann snart ut at det lønte seg å bruke noko av timen til å fortelje eit eventyr eller noko frå saga, eller me teikna kart over kyrkx skulekrinsen eller av bygda og fortalde frå dagleglivet noko dei kjende litt frå før. Det var slikt ein kunde kalle heimby daktunskap, som kom i bruk i skulen fleire år seinare.

Det var smått med bøker og skrivesaker denne tida då borni laut halda seg slikt sjølve. Det var mange fatige heimar som hadde lita råd til å kjøpe bøker, og sume var uviljuge, so det var alltid noko som vante. Til å rekne på brukte ungane skifertavle. Dei skulde bruke svamp til å stryke ut med, men mange berre sputta på og strauk ut med fingrane. Det fekk eg då fort lært dei av med.

André vika var eg i Glestad krins. Skulen var på garden Glestad, og her hadde eg kost og losji på same måte som på Neråsen. I Glestad var det samla skule. Alle frå 7-14 år i ei klasse eller rettare sakt 7 klassur samstundes. Merkeleg nok gjekk det det og. Det hjelpte mykje at det bare var ein og tvo elevar i same årsklasse, då fekk ein tid til å take seg meir av kvar en kelt.

Det var smått med utstyr til skulen både her og i Neråsen. Fultane var gamle og så lange at dei rakk mest over heile golvet. Sat ungane urolege, riksa og let det i dei, og det vekte mykje glis og moro, ein kunde ikkje alltid vite kor låten kom frå um det var frå ungane eller frå pulken. Noko slapparat til ~~xxxxxxxx~~ kemi og fysikk fanst ikkje. Me hadde 2-3 kart og ein globus, det var vist alt. Og so ei veggtafle.

Fyste turen min frå Neråsen til Glestad gløymer eg ikkje. 3-4 km av vegen, som bare var ein stig, gjekk gjennom tykke skogar. Her tok eg ein gal stig som gjekk nordover istaden for vestover. Eg gjekk både ein og tvo tima men skogen vart berre tettare og mørkare. Det verste var at det var seint på dag, tok alt til å mørkne. Eg sprang opp på berg og haugar um eg skulde sjå gard og grend, men bare svart skog over alt. Kanskje eg lyt overnatte her i skogen og fryse forderva, tenkte eg. Stigen var og komen burt, eg sprang som for livet over rabbar og blaute myrar, datt ned i vasshol til knes, vyrde ingenting, bare sprang. Endeleg langt, langt burte såg eg det blikra i eit ljøs. Folk, tenkte eg og sette avgarde mot ljoset. No bar det nedover nokre lange slake skoglier. Djupt nede susa ei elv. Ljoset var på andre sida. Elva rann stri, men eg vassa uti so vatnet rakk oppå livet. Det var so vidt eg greidde kara meg i land. So bar det oppover bakkar og haugar, og der uppi lif blenkte ljoset atter fram. Snart såg eg det var eit hus ljoset kom frå. Eg stupte inn. Eit par gamle folk sat kring lampa burtved glaset. Eg var komen til Snertingdal, grænnebygd. Kor langt var det til Glestad? Ei halv mil. Eg laut bli der natta over. Eg fekk mat og nokre turre klar og so tilsengs. Då eg vakna langt på morgon låg det kvitt av snø. Mannen laut fylgje meg attende til Glestad, og dit kom me høgstdags. Skuleborni hadde gått heimatt då ingen lærar kom. Men ljoset som berga meg frå dei myrke skogar vart som eit biløte ~~xxxxxx~~ på kunnskapsljoset og skulde bera fram til å lyse upp på livsens vegar.

Omsider vart eg kjend med folk og lærde tilhøva dei levde under. Ingen vil tru kor smått og armt mange hadde det for 50 år sida som ikkje sjøl har opplevd det. ~~xxxxxxxxxxxxxxxx~~ Til dei større gardane var det ennå husmen som hadde pliktarbeid på garden det meste av året. Plassen dei hadde kunde fø eit par kyr. So snart borni var konfirmerte lut dei burt og tene. Verst trur eg likevel småbrukaran e hadde det. Bruket var lite og gav ikkje stort. Det meste av året tok dei gards eller skogsarbeid. Det meste dei kunde tene var eit par kronur dagen på eigen kost.

Ein trong ikkje gå burt i heimane for å sjå korleis levemåten var. Skuleborni fortalde meg det kvar dag. Frå gardane kom dei friske og raudleitte

og i gode klær, men frå småheimane kom dei gråbleike ^{og} både bømme og fillute ofte ursine og ustelte. Det hende eg såg dei kvite dyra krabbe både på klædi og på pulten. Det vart mykje skoft på grunn sjukdom eller mangel på sko og klær. Eller dei laut vera heime og hjelpe mor. Ein kunde ikkje forlange at slike alltid skulde kunne leksune sine og vera av dei flinkaste. Frå gardane kom borni om vinteren med gode ski og kjelkar, dei andre med utbrukne iskråle greidor eller ingenting. Kor sårt dei måtte kjenne det!

Det var sjølsakt det laut bli klassekilnad av slike. No er levekåra jevna ut, og alle hev det bra. Alle born hev fine klær og fint utstyr av ski og anna. Alle får god mat og ser friske og sterke ut. Arbeidsmannen som før gjekk der med tungt andlet, bøyd rygg og børt brok, er ikkje til å kjenne att. Kjem du no inn i heimen hans finn du ei glad kone som hev det reint og pussa. Ho kan by deg inn i bestestova med gardiner og blomster og fine møblar og by deg til duka bord. Det hev kosta ein lang og seig strid, men han var det verd. Og eg er viss um at skulen hev gjort sitt til framgangen i desse 50 år.

I Sollien krins var det skipa eit frilyndt ungdomslag, som hadde vore i gang eit års tid. Alt på fyste møte eg var med på vart eg vald til formann for laget. Dei hadde hanskreve blad, og so var det leik og ein sjeldan songdans. Eg prøvde få til eit songlag og heldt nokre små foredrag eller las upp av diktbøker. Me freista også med samtale um eit eller anna emne. Det gjekk bra ei stund. Serleg møtte mange gjentur so lenge eg var ungar! Men noko større interesse for åndelege ting var det ikkje. Det var ingen i kringen som vågde seg fram korkje med foredrag, opplesing eller anna, og framande talarar var det vandt å få. Eg vart soleis åleine um det meste, og det vart vel for einsformig. Um eit par år sovna laget inn.

Um kveldane var det lite å ta seg til i desse små fatige grendene. Det var ikkje å gå burt og vitja seg um ein hadde lyst. Folk var upptekne med sitt arbeid og laut nytte kvar stund. Bare um sundagen kunde eg verta beden på ein eller annan gard til eit lite lag. Der tala dei um været og um arbeid sitt eller um grannane sine og når det kom langt um skattane som var so uvitugt store. Til moro kunde det bli ein leik eller ein vhist eller beitplukk um tvørringar. Meir ålvorlege ting som samfunnsspørsmål var ikkje verdt å nemne. Folk var ikkje vane med å tenkje utanum ringen dei tråkka i. Det folk las var det vesle lokalbladet og det dei kunde ha bruk for i ei kokebok eller ei bok om husråd. Vekeblad som no er i dei fleste heimar, var ikkje kome ennå.

Det vart då til det at eg mykje sat inne um kveldane og las bøker. Det verste var at det var so få å få tak i og dei eg hadde sjøl var ikkje mange. Men so fekk eg ungdomslaget til å lage ein basar til innkjøp av bøker. Det gjekk so bra at me ~~kunne~~ fekk pengar til 40-50 bøkar. Då hadde eg lesnad ei lang stund.

Men det var også mykje å gruble og tenkje over, soleis med det at eg no vartilsett og hadde betaling for å lære borni sann kristentru, eg som

ikkje hadde noko tru sjøl. Der var mange ting i bibelhistoria som eg meinte var moralsk forkasteleg. Skulde eg då vera nøydd til å lære borni dette? Det var no t.d. saga um då Abraham skulde ofre Isak eller om den skurken Jakob som lurte frå bror sin førstefødselsretten, og frå Laban svigerfaren sin lurte han til seg mykje av sauflakken. Eller om korleis Jakobs søner klær av broren sin Josef, bankar han upp og etterpå sel han til slavehandlarane. Sidan hevnar Josef seg grundig då brørne kjem til Egypt, han piner dei so lenge det går an. Eller at Sara fekk unge då ho var 100 år gamal og Abraham 175, var ikkje det til å flire av? Eller den lange og fule skjeldrin av korleis Jesus vart hudfåtta, tornekrønt og krossfest. Det er umlag som når avisene i våre dagar gassar seg i utmåling av eit felt mord. Alle ogso dei kristne er samde i at ein skal vera varsam med å gjeva born lesing som forsimplar og forrårar, men her gjer me det utan tenke på skaden det kan ha. Teologane laut bruke kunster og knep for å legge ein kristen moral inn i dette, men det var fusk. Skulde eg fuske på same vis? Hundrevis av prestar og lærarar gjorde det, omia dei tenkte som eg, for dei viste dei kunde resikere stilling og levebrød um dei sa meiniga si. Det kunde eg og. Det var klokast å tegje still og ikkje nemme ranglære korkje i skulen eller til dei vaksne i grendi.

Enno den dag idag gjeng dess søgune att i trudomslære i skular og i kyrkja. Resultatet er avkristning og tome kyrkjur. Men enno er ikkje ein revisjon av lære for ålvor teke upp.

Då joli kom upplevde eg min første joletreffest. I Kleivgrend var ikkje brukt noko slikt, men her hadde det vore fleire år. Det var sjølsakt læraren som skulde leide festen, ho var det eg som aldri hadde sett eit joletre. Eg laut spyrje meg fram korleis det gjekk for seg. Jau, born og vaksne gjekk rundt treet og song jolesongar, læraren heldt tale, og so var det kaffe, sjokkolade og jolekake og endeleg utdeling av jolegodter til borni.

Festkvelden kom og den vesle skulesalen var full av folk. Fyst gjekk borni fint i ring og song, sida fekk dei vaksne ogso vera med, og då laut det tvo ringar. So heldt eg talen min slik eg trudde det skulde vera, og so vart det mat. Etterpå gjekk me rundt att og song, og i eit opphald vart jolefekk borni eit eple, rosinur og godter. Slike festar var det kvart år solen eg var lærar i Vardal d.v.s. i 45 år. Sameleis um våren då det var 17de mai fest. Då laut ogso læraren halde tale, leida songen og det heile. Når so skulen slutta var det eksamensfest. Tre store festdagar for skulen i året det var ikkje verst. Eg lærde snart å la borni få vera med på festane og syne kva dei kunde. Det var gjerne so at nokre las upp eit dikt eller forteljing, nokre hadde fått øvd inn eit lite høyrspel som dei synte fram, og so var alle med og song unisont eller fleirstemt. Dei vaksne tykte det var gildt å høyre på, og ungene tykte endå gildare i å prøveseg.

Då sumarferien kom for eg heim til Fyresdal og hadde då med Anna Ner-åsen, som eg no var trulova med. Ho vart snart kjend med mine foreldre og sysken og dei næraste grannar. Me gjorde ogso ein tur på heiane over til Sætedal. Det var langt å gå, heile tre mil, og berre ein fjellstige å gå. Det var den gamle Bispevegen me gjekk, kalla so avdi bispen for her i gamle dagar når han var på visitas. Fyst bar det til Kleivfrend. Der fekk Anna sjå Kleiva som var heimen min i fleire år. So tok me "Bispevegen" so kalla avdi bispen for her i gamal tid når han var på visitas. Det var ein fjellstige 3 mil lang, som gjekk vestoverheiane forbi nutar og hamrar over myrar og flo flotter, gjennom dalar med elv og vatn. Midtvegs ligg Findalen med fleire støy- lar. "er låg søbyggjane med buskapen sin, og her slo dei høy på støylovollane og på myrar og stear. Kaxkx Fleire av desse støyane skulde ha vore gardar i gamal tid. Anno ken ein sjå åkerbekkar. Her skulde ogso ha stde kyrkje på Kyrkjehomen. Men då svartedauen kom døydde folket ut, og dalen vart liggjande øyde.

Me var innom eit par støy-lar og tala med folk. Då dei fekk høyre me kom frå Vardal, sa dei: Å nei gode vene, det er då vel ikkje bygd i der Blom er prest, presten okkons? "Jau, det var då det. "Å gud ske lov, no får me høyre gjeti Blom", sa dei. Og so laut me fortelje alt me viste korleis Blom hadde det i Vardal. Og so fekk me helsingar med både muntleg og skriftleg. Blom kunde dei aldri gløyme. Slik prest hadde aldri vore i dalen, meinte dei. Anna tykte det var eit underleg folkeferd. Kvinfolki i dei stutte gråkvide stakkane og karane i dei lange skintrekte buksune med hårspirot, og dei vide hattane. Og so desse små buine dei heldt til i. Det var som å koma til ein hulderheim.

Um det ikkje var langsamt å liggje her på heiane so langt frå folk, spurde me. Å nei då, på heie var gildaste tida dei hadde, og folk var her nok av. Alle nedi bygdene låg på støylen um somaren. Når de kjem nedi bygd i er det meir folketomt enn her på heie, sa dei. Me hev endå messe her. Presten kjem upp til okko ein sundag um sumaren og held messe, og då samlast dei folk frå støy-lane vidt ikring, endå førsdølar kjem hit. Og sumtid er det dans og stevleik og annan gama. Nei her var det ikkje stusleg.

På ettermiddagen kom me fram på fjellbruni ned mot Sætedal. Djupt ned låg Vallebygd i på ein flab furemo. Gardane med dei grå tømmerhusi og dei små grøne åkrune såg ut som tusseheimar under dei høge svabergi. Berre eit par kvitmåla hus kunde me sjå. Det eine var kyrkja og so var det eit lite hotell, Osi. Det var dit me skulde.

So bar det nedover kleivane i krok og krink ned mot dalen, der Otra susa og song. Ein time etter gjekk me den flate ållmanvegen forbi kyrkja og prestegarden ut til Osi. Det var godt å få mat og kvile etter den druge fjellturen, og sov gjorde me til langt på morgoen. Me reika litt rundt um dagen, såg på dei rare husi, dei eldgamle stabburi med svalir og utkrota

dørstolpar, dei solbrende stovene av grovt tømmer med små grønne glas. Mange små uthus, låve, fjøs og stall kvar for seg alle tømra. Det var lite folk å sjå. Det var nok som dei sa, dei fleste var på heiane. Det var helst med folki på Osi me tala. Dei fortalde ymist frå dalen. Helst frå gamle dagar då kjempune møttest i brudlaup og prøvde krefter i dragsmål og slåsting, eller um dei gamle hesteskeid med kappriding og hestekampar. Å vera frikar, vera den sterkaste var den største æra og so å eiga skeidfolen som vann over dei andre hestane. Ænnå bruka dei mykje å kappkøyre å kappride, men skeidi var det longe slutt med. I joli kunde det vera mykje drikk og so huva dei so følt. Gjekk ut på tunet og huva ende ut, men ogso det var det no slutt med. Gamle folk som minnest det sa det var so stusleg i joli no, det var ikkje ein huv å høyre. Slik huving i joli var det ogso i Fyresdal fyrr i tidi. Det var vel alt det innestengde dei bar på som på denne måten laut få utbrot.

(Høyrde um Blom, Sjø fyredrag)

Trast etter me kom attende til Fyresdal vart Anna sjuk og vart liggjande fleire vikur. Ho vart tunn og mager, kasta upp alt ho fekk i seg, og me truddeho knapt kunde stå det over. Doktaren kunde ingenting segje. Den snilde presten Børke og fruva kom fleire gonger med kakur og fin mat, men det meste måtte uppatt. Me laut sende brev heim til Neråsen og fortelje kor til stod. Før hennar, Edvard, kom, og han laut bli der. Eg laut reise frå henne attende til Vardal og ta til med skulen, endå so tungt det var. Ho stod det då over og seint på haust kom dei att. Ho var bleik og tunn og mest ikkje til å kjenne att, men no gjekk det fort framover, og utpå vinteren kunde me gifte oss. Det var Blom som vigde oss i Gjøvik kyrkje. Brudlaupet sto på Neråsen og var ikkje stort. Bare dei næraste grannar var med.

Me hadde då fått vår eigen heim, fyst på Neråsen, so på grannegarden Øygarden eit par år. Då hadde Edvard Neråsen bygd ein ny bygning på garden, og so flytte me dit. Me fekk mange born med åri, ~~høi~~ (-----)

Det er mest ikkje til å tru at me greidde levemåten med ei løn av 12-13 hundre kronur og med ei gjeld frå lærarskulen som skulde avbetalast. Men det gjekk med stor sparsømd. Soleis hadde me ikkje råd til å kjøpe møblar dei fyste 5-6 åri. Det me laut ha av slikt snikera eg sjøl. På Lyshaugen tett ved var der ein snikkarverkstad som lite var i bruk. Her fekk eg vera og snikra det eg vilde. Materialane fekk eg av svigerfar, so det vart billege møblar. So gjekk då åri med skularbeid, lesing og snikring um kveldane og litt arbeid med ungdomslag og songforeining.

Eg vart snart kjend med lærarane i bydi. Alt fyste året mitt i Vardal vart eg med i lærarlaget, og på det fyste møte her skulde eg innleide til samtale om opplæringa i norsk. Møte var på Viberg skule. Då eg skulde gå frå Glestad dit burt kom det skoddeveir. Eg tok gal veg og kom ikkje fram før langt på åftan, men eg fekk då halde eit stutt foredrag før møtet slutta.

Dei eldste lærarar i bydi var Ole og Kristian Grindvold og klokkaeren i Hunn Hans Grønvold. Dei var alle gudelege, konservative og gamaldagse. Noko yngre var klokkar Adolf Øgård, Halvor Fosmark, Harald Jøranli og Jens Hout

So var det Agmund Hole som var eit par år eldre enn meg, men som kom til Vardal same året. Det var han eg best samstavaust med, og me var mykje saman heilt til han døydde 19? Etter kvart kom det nye lærarar ettersom dei eldre slutta og skulen vart utvida. Av lærarane på Gjøvik lærde eg også nokre å kjenne. Soleis rektor Houg, lærarane Frøyså frå Sætedal, Brudevold, Engen og hæreid. Ein av mine klassekameratar frå Notodden Georg Solbakken kom også til Gjøvik som lærar. Han og Brudevold kom og vitja meg ein gong på Neråsen men Solbakken vart ikkje lenge på Gjøvik. Gjøvik var ikkje nokon gamal by, vart kaupstad 1860 og hadde då 9 tusen menneskje. Det som skapte byen var Gjøvik glasverk frå 1807, Brusveen fabrikk frå 1832 og Holmen brenneri frå 1855. Um dette ~~skreiv~~^{står} i Vardal bygdebok. På garden nedre Gjøvik som no høyrer byen til var i 1860åri og utetter ~~ikk~~ litt av eit kultursentrum. Her budde den eldhuga Augusta Mjøen frå Uppdal no gift med brukseigar Hansen. I 1860 kom det hit ein ung mann frå heimbygda mi, Fyresdal, nemleg Anders Jørgensen Veum f. 1836. Han gjekk lærarskuler og var lærar nokre år. So vilde han studere men vart sjuk, oppgav studeringa og vart telegrafist i staden. I 1860 kom han til Gjøvik som styrar av telegrafan og vart samstundes postmeister. Han bydde hjå brukseigar Hansen og vart snart god, ven av Augusta Mjøen. Ho hadde fyst vore trulova med ingen ringare en B.B. men far hennar, lensmann Mjøen i Uppdal, vilde ikkje ho skulde gifte seg med ein skuespillerfant. Men venskapen med B.B. heldt seg, og han var av og til på Nedre Gjøvik, og soleis vart også Jørgensen Veum kjend med dikteren. Tilhøvet millom Hansen og fruva var nok ikkje det beste, vissa i politikken. Ho var stri venstremann og Hansen like stri høgre. Dei heldt kvar sitt blad, Augusta hadde Verdens gang og Hansen hadde Morgenbladet. Når han hadde lagt frå seg bladet på ein plass, frua ikkje tykte um, tok ho det med gloklypa og fitta det i ommen, ho kunde ikkje ta i det skitne papiret med fingrane. Sia kaupte Jørg. Veum garden Kirkeby og vart ordførar i Vardal, side også stortingsmann for Opland fylke (Kr. amt) I 1884 flutte han frå Vardal og kaupte den store garden Jølsen ved Lillestrøm. Sidan flutte han fleire gonger til han døydde på Bekkelagshøgda 1932, 96 år vgl. Han kom fleire gonger til Fyresdal og gjorde mykje for heimbygdi si. Fyste gong eg såg J.V. var hjå dikteren John Lie. Eg var då komen frå folkehøgskulen og var hjå John og ~~skreiv~~ reinskreiv ei bok han hadde ferdig. Eg hugsar Jon skreivte so fælt for J.V. av kjærangi si. Han var gift med morsyster mi Torbjørg Rinden. Eg hugsar og kor tante Torbjørg var bænli med meg den tid eg var der og gav meg kakur og godter. Ein dag kom sonen deira, no dikteren Håkon Lie, heim frå skulen skulde ha ferie. Då veit eg me sat uppe halve nötti og prata. John hadde slik moro av å tale med sonen som han vel ålt no skjønnavhadde diktargåvor. Sidan råka eg J.V. på eit par gonger på ungdomsstevner der han var domar i kappleik på hardingfele. J.V. var ihuga venstremann og gjorde mykje til at venstre vart det sterkeste partiet både i Gjøvik og Vardal. Me kan trygt seie det var han som grunnen til venstrestyret her, det som sidan Johan Castberg og Alf Mjø

tilfører for, som me erble på seg tie tav som eio haumå det tav og
 Det var vart å sjå korleis den politiske striden om unionen desse åra
 vekte interesse for politikk endå bhandte dei jordbundne matrelane her på
 austlandsbygdar. Serleg etter dei 6 lydrikepunktene frå den svenske statsmin-
 ister Broström, var sett fram var det store harme. Sjølve husmenn knytte neven
 fram på nase på husbonden og lett på at nokar del svensken må juling! For
 å ha hadde Georg Stang og Castberg fått forsvaret i so god stånd at me kunde
 gå i bordet mot storebror og kreve retten vår. *Kilde - Skrivt - Kar. Løyen.*
 Ein kan trykt segje at Castberg var den drivande kraft hjå venstre.
 I unionsaka, måtte Døysast framfor noko vanna. Det hanna han inn støtt og steng-
 de dig bålet i regjering og venstreflokket. Han var dei av dei evendelege for-
 te handlingar, no laut det bli ein avgjørelse, meinte han. Castberg var både hata og
 frykta av motstandarane. Slik var det også her på Gjøvik og i Vardal. Når
 i han heldt sine valgtalur, var det helst bare venstrefolk som møtte. I
 Castberg vilde ikkje vera med i 7. juni regjeringa utan at Georg Stang
 vart utanriksminister, men det vart ikkje av, og kanskje det var best so. Dei
 to var for radikale og kunde lett bli sett svenske opp so krig hadde vort
 fylgjen. Då Karistadforliket kom var Castberg vonbroten. "Nu som i 1814 er
 det den høyeste kedelse som savner mot og udholdenhet", skreiv han. Men det
 som dei fleste minnest Castberg for er likevel hans sosiale arbeid, soleis
 lovane for ekteskap og skilnad, om born fødd utanfor ekteskap, om konsesjon
 for å få bergverk, vassfall og skog m.v. *Kilde - Skrivt - Kar. Løyen.*
 I 1905 vart det store vekkingsår for friidom og sjølvstende som
 samla heile folket til eit, men mange var redde for fylgjene. Det kunde lett
 bli krig og då var det uvist kor det gjekk. Mykje av heren låg på grense-
 vakt. Eg fekk vera med på slik vakttenest. Me låg på Jørstadmoen, og det var
 spanande dagar. Men alt gjekk godt veit me. So kom folkeavrøystinga 13. august
 då mest heile folket svarte ja til det stortinget hadde gjort. So kom det
 andre store folkevalet om landet skulde vera kongedøme eller republikk.
 Kongedøme vart valgt med stort fleirtal. Og so kom kongevalet. *Kilde - Skrivt - Kar. Løyen.*
 Karl av Danmark vart vald og fekk navnet Håkon 7. Men dei som framfor andre
 fekk fullført friidomsverket Chr. Michelsen, Jørgen Løvland og Fritjof Nansen
 står den dag i dag for oss som dei fremste folkhovdingar.
 Eit par andre store hendingar desse åra som eg minnest var då jønnbana
 frå Oslo kom til Gjøvik 1902. Då var det store fest og mykje folk møtt fram.
 I åra framover var det mange som stridde for å få bana fram til Lillehammer
 soleis som Johan Enger og andre, men enno står denne stubben att for sambin-
 ding med stambana til Trondheim. Den andre hendinga var i 1904 då kong Oskar
 2. kom til Gjøvik. Det var siste gongen han var i Norge. Kongen var bl.a. på
 Nedre Gjøvik *Kilde - Skrivt - Kar. Løyen.* og drakk kaffe hjå Alf Mjøn, som då var ordfører
 for byen. Mykje folk frå bygdene var møtt fram. Eg laut au avstad og fekk sjå
 kongen køyrde gjennom gatane og då han var saman med gjester i Viktoriahaven.

Lundstein.

I 1906 vart eg tilsett som lærar i Kastad skulekrins etter Olav Engen som flutte til Gjøvik. Her var det å kalle ny skulebygning med lærarbustad som fekk navnet Lundstein. Svi erfarer hjelpte oss til med sofa og stolar til bestestova. Desutan hadde me stort kammer og kjøkken og eit rom på loftet, som eg nytta til snikkarverkstad. Her var også eit par mål jord. Eg feka litt jord til av Elling Skikkelstad på Svartbekk. Fekk innreid fjøs i uthuset so me hadde ku og gris. Ei stund også kaninar. Eg gjekk eit hagebrukskurs sumarkurs på hagebruksskulen i Eidanger, og då eg kom att planta eg frukttre og barbuskar og fekk til ein bra kjøkenhage. Alt dette kom vel med i matvegen. Eg snikra fleire møblar både til eige bruk og til sal. Soleis gjorde eg stolar og bord til kaffistova på Gjøvik. Noko selde eg på auksjon i Gjøvik. Me trivdes godt i Lundstein. Folk var snilde og gjestfrie. Me fekk gode vener både på Kastad, Tømmerstigen, Skikkelstad, Sæter og Skarkerud og var ofte i lag her. I den store ljose skulestova var det lett å arbeide og borni var like greide og snille her som i Åslendet. Når det var joletre eller 17de mai fest var det fullt hus både av born og vaksne. Eg hadde også songlag og var med å leida ei kr. undomsforening, som fru Karen Ousdal på Kastad var formann for. ~~Eit tve tri gutar~~ Ei tve tri gutar av oss fekk lærar houth til å spela fele med oss, og sida fekk me skips eit lite orkester som hadde spelte på gardane. Det var ^{Nansens} Bråstad og ... Øygarden som spele fele, Ole Tømmerstigen kornet og ^{Øygarden} Øygarden piano. Verst var det for ein ti å spela sello, og so laut eg freiste, men eg lærde det ikkje skikkeleg.

Ei tid hadde eg også songlag i Våstad krins. Me øvde også inn nokre spelstykke som me førde fram fleire stder soleis på skulen og i ungdomshuset Sole i Stokkeroa og i Øverbygda. Ei song var me like til Hov i Land og synte fram "Til sæters". Det var mykje strev men også mykje moro med dette.

Borni våre var oss til stor glede og hugnad. Dei tve eldste småjentene var no so store at dei kunde hjelpe mor i huset, og snart vart dei med på skulen. Alle 8 borni fekk gå i min eigen skule. Det var både vondt og godt. Eg tykte eg laut heller vera strengare mot dei for ikkje å få skuld for å vera partisk, men eg trur ikkje dei hadde mot meg for det. Dei var alle so snilde og lydige og hjelpsame at eg hev angra meg sidan mange gonger at eg ikkje synte meir kor glad eg var i dei. Eg skyna det var mor si dei hels trudde seg til når det var noko um å jera. Likevel må eg segja at eg alltid hev rekna barneflokket som min største rikdom. På skulen var dei alle blandt dei fremste og var vel lika av dei andre borni, so dei vann seg mange vener.

Det var stor hugnad då bror min Jørund kom til oss fyste gong og var hjå oss nokre dagar. Ikkje mindre gildt var det då eg fekk far til å koma ein tur. Mor skulde ha vore med men ho torde ikkj reise so langt, ho hadde so lett for å bli sjuk på toget. Far tykte det var gilde bygder her og fine og store gardar. At det kunde vekse so langt gras i utmarka var han forundra over, heime i Fyresdal var det helst bare finntott som vaks på slike stader. Me gjorde mange turar og såg oss ikring, soleis på Neråsen og ein-

like til Gubberud. På Gjøvik var me au og såg bl.a. på Holmen mylle og på Gjøvik bruks sag og høvleri. Far hadde no kaup Haugefoss og sett upp sag og mylle herog spekulerte på ei sikte for finmjøl. Difor vilde han gjerne sjå slike greidor, men han tykte det var altfor stort her til å ta etter.

Syster mi Marie kom ogso ein tur og gav seg til på øvre Bråstad. Ho vilde lære husstell og matlagning. Ei tid etter vart ho gift med Danile Landsverk, som hadde kaupt den store garden Løberg ved Skien. Dei fekk med tidt lo born. Nokre av dei hev sida vitja oss på Klockergarden.

Ferie og fisketurar.

I tida fram til 1913 då me kom til Klockergarden, gjorde eg ein tur som regel anna kvart år heim til Fyresdal til far, mor og sysken, men ogso for å kome på heiane på fisketur. Å fiske hev i elle år vore gildaste hobbyen min. Kom eg ikkje til Fyresdal bar det avstad til Valders, Torpa, Gausdal Gudbr. dal eller Østerdal. Men gildast var det å kome på ~~mine~~ heimstrakter der eg hadde so mange glade minne frå mine barndoms fisketurar. Då bar det gjerne oppover til Kleivgrend og so innover heiane til Findalen og Votna. Her var det ei mengd vatn og elvar, og fisken var ikkje vanskeleg å ta anten det var med mark eller fluge eller på oter. Her var ikkje kome turistar enno og skjemt ut. Eit av dei beste vatn her var Svånevatn. Her kunde ein få mest det ein vilde når fisken var på lag. Ein gong var dansken Westerlin fyste mannen til Gunhild med meg hit. Då fekk me so mykje fisk at me laut leige ein mann til å bera fisk med oss fram til bygdars. Dansken som aldri hadde vore på fiske før tykte det var eit mirakel. Det er skam løgn, sa han rett som det var når fisken plaska og slo og me drog inn $\frac{3}{4}$ og $\frac{1}{4}$ um gongen på oteren. Ein sumar før då me var på Lundstein hadde eg med ein vurdøl, Olaf Tømmerstigen heim til Fyresdal. Då var me av og fiska i Klepsvata som ligg eit stykke frå Svånevatn. Det var ein steikende varm sumardag. Då me kom fram til vatnet kledde me av os og tok eit laug, og so gjekk me i bare skjorta og fiska med stong langs strandi. Fisken hadde gått inn til land og leika seg millom strandsteinane so me kunde sjå stjerten og ryggfinnen veifta i vaskorpa. Kunde me då kaste markkroken ut til fisken utan å skremme ~~me~~ var me mest viss på at me hadde han. Olaf var ikkje vant med å fiske, og då han fekk den fyste torde han ikkje drepa han. Kvar gong fisken sprel-la, rykte han skremd attende til fisken ikkje orka meir. Men då han fyst hadde drepe ein vart han svert so modig. Det var med fulle skryor me kom att frå den turen.

Elles var det helst bror min Jorund som var med meg, sumtid ogso far. Eit par gonger var eg saman med lensmannen i Fyresdal, Andreas Berge, og gutene hans. Andreas var gift med Liv Lie, syskenbarnet mitt, so me var godt kjende. Ein gong hugsar eg me var til Øyufsvath nord for Øyset og ein gong til Rollefstadvatnet nord for Hegglandsgrend. Då låg me på fjellgarden Rollefstad som ligg fint til ved vatnet. Elles var det so ymist med natte-logi på desse turane, då dei fleste støyler var nedlagde. Det var helst å ligge i ei gamal bu eller ute kring eit bål ved strandi. Når det var fint

var fint veir var det triveleg li gje ute. Det er underleg kor det primitive og einfelde ligg oss i blodet. Kanskje det er ein arv frå artusen attende då fedrane våre var villmenn og levde av jakt og fiske.

Det var ikkje so lett å kome frå Vardal til Fyresdal i min ungdom som det no er. Det var helst å ta toget til Skien den eine dagen, og so med båt upp Bandakkanalen til Bandakslid den andre. Frå Bandakslid var det 3 mil landeveg. Her gjekk eg mykje av vegen og tok skyss resten. Det var seint på kveld før eg nådde fram. Omkr. 1905 fekk eg min fyste sykkel. Det var ein brul ein som eg kjøpte av klokkar Øgård for 150 kr. Cykkelen hadde ikkje frihjulslik at ein kunde kvile beina når det gjekk utfor, ein laut trække med. Med denne sykkel gjorde eg ein tur heilt heim til Fyresdal ein sumar, sykla heile vegen soner som nokre mil eg laut ta båten frå Kvitseid til Bandakslid avdi der ikkje var veg. Eg var heilt ferdig i beina då eg kom fram og kunde mest ikkje gå før eg hadde kvilt ut eit par dagar. Denne sykkel fekk eg sida bytt i ein med frihjuls som eg brukte på mange turar til krigen kom i 1914. Då fekk eg motorsykel, og då var det lett å kome fort avstad.

Alt i 1910 fekk Fyresdal rutebil. Det var ein kombinera last og passasjerbil som gjekk til Bandakslid um morgoen og attende ~~på~~ um kvelden når båten var kome. Då vart det lettare å kome fram denne vegen.

Det var alltid like gildt å kome heim og helse på slakt og vener, sjå att grend og gard og rusle ikring på dei kjende stader. Eg tykte alltid det var slik ei underleg ro og trygd i desse stille grender, ei serskild luft liksom. Aldri sov eg betre enn i sengi mor hadde reidd, og aldri vakna eg meir utkvild og nøgd.

Men den som var mest glad trur eg var mor over å sjå meg att og få tala med meg. Det var ikkje so mange ord ho åtte, ho tala meir med dei slørde augo, dei bleike kinn og så stilslege framferd. Ho gjekk der so stilt og pusla med sitt, eller ho sat i stolen sin attved salmeboki og bibelen og mulla på ei salme. Då var det liksom ho ~~sa~~ leita etter noko i andlete mitt: Korleis hev du det med Gud? Eg kunde so lite svare, for eg kunde ikkje dele hennar tru. Men eg kunde heller ikkje sære henne med å segje noko slikt. I staden kunde eg fortelje um timane me hadde på skulen og kor glade borni var når eg fortalde frå bibelsoga eller om joletefestane då me gjekk rundt og so jolesongar. Det hende og at eg song for mor og las ein stubb av ei bok som eg trudde ho lika. Då kunde ho smile so ~~xxxxxx~~ lukkeleg at det vernde lar inn i bringa. Ho bad nok man e både redde og varme bøner for meg i stille stunder, liksom ho bad for alle sine. (Vers på 80 årsdagen)

~~xxxxxx~~ Grubling,

Det var ikkje bare når eg var heime og tala med mor dei religiøse spørsmål melde seg. Mest kvar skuletime i religion kom dei att og mange gonger elles og. Alt dette med under som religionen var so full av det var so tvert imot det me lærde i naturkunna. Naturvitskapen fortalde at alt gjekk etter faste urikkelege naturlover som ikkje gav rom for under. Kristendome var Guds åpenbaring heitte det. Korleis kunde då Gud lære oss noko som var

stikk i strid med naturlovene? Alle var no klår over at det gamle verdsbilde som bibelen tala um var galt. Kva var so sanning og kva var forvilling? Var heile den jødiske gudstru skropeleg menneskjeverk? Eg hadde lese både filosofiske og teologiske verk og visste at dette var spørsmål dei lærde hadde spekulert over til alle tider utan å finne fram til noko visse. Lik vel laut eg gruble og leite meg fram til noko eg kunde tru på og live på.

Det hadde no vore strid i fleire år mellom dei ortodokse som heldt på den gamle trua og dei liberale som vilde sameine tru og vitskap. Alt i 80-åra hadde det vore slik strid serleg mellom kyrkjehovdingen biskop Heuch og Arne Garborg. No heldt striden fram med Chrisen Bruun som førar for dei liberale. Storparten av intelligensen vilde ikkje vita av religion, ei naturlig morallære var nok. Naturlig synto korleis me skulde leva. Kristedomen sa at seksuallivet var synd, naturalistane sa det vilde skape nevrosar og kompleks når ikkje dei naturlege drifter fekk utløyning. Kva skulde ein tru?

Men når eg so las romanar og diktbøker av naturalistane der dei skildra sjelelivet til folk utan religion såg eg dei var lite lukkelege. Dei levde etter sine drifter, men det førde på avvegar. Dei levde utan mål og mening. Um døden og um eit liv etter dette kunde dei ingen ting segja.

Eg hadde ingen å tala med. Nemnde eg slike spørsmål fekk eg det svar at slikt nytta det ikkje å gruble over, me kom ingen veg likevel. Men eg totta det var uverdige å tenkje slik. Skulde me då berre tru på autoriteten utan tenkje sjøl? Nei, det var in en annan veg for meg, eg laut lese og tenkje og leite vidare so kanskje eg einong fann eit svar. Leit so skal de finne bank på so skal det latast upp for dykk, stod det. Det var det eg freista.

Klokkekar

På skulen lærde eg borni det som sto i bøkene om Gud og trui, men opp læringa fekk likevel farge av mitt humanistiske livssyn. Eg prøvde syne borni Gud som den kjærlege far og Jesus som den store lærar som synto oss veg både ved sitt eksempel og ved si lære. Her var det so mykje godt og gillat å tale um at timane i religion trass i alt var nokon av dei gildaste me hadde. Læra um synd og nåde, ja endå um straff og dom kom ogso med utan at eg trur borni reagerte eller tenkte over problema som her låg gøynde.

Klokkekar.

I januar 1913 vart eg tilsett som lærar ~~oxkkkkkk~~ i Haug krins og klkar ved Haug kyrkje i Vardal hovudsokn. Det var den likaste skuleposten i bygd. Her var klokkegard med over 30 mål jord, so me kunde ha 3-4 kyr og hest. Her var 4 delt skule, so eg fekk no berre storskule, meda lærarinna hadde småskulen.

Prost Blom slutta ~~senxer~~ både som prest og formann i skulestyret i 1910. Hans ettermann var presten Nitter, og det var nok han eg kan takke for denne posten. Det var fleire av dei eldre lærarar i bygd som søkte, so eg trudde det ingen sjangse var. Eg let vera å søkje heilt til Nitter sende bod at eg burde melde meg, og so fekk eg då stillinga.